



## MØTEBOK

|                 |                                   |
|-----------------|-----------------------------------|
| <b>Organ</b>    | <b>Kontrollutvalet</b>            |
| <b>Møtestad</b> | <b>Nordfjordeid, Balsnes gard</b> |
| <b>Møtedato</b> | <b>17.06.2014</b>                 |
| <b>Kl.</b>      | <b>13:00 - 16:00</b>              |

**Faste medlemer til stades:**

**Arve Mjømen, Per Rune Vereide, Kari Maria Rutle  
Fjærestad, Kåre Jarl Langeland, Turid Vassliås  
Borgund**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Marianne Vara, SF revisjon IKS  
Birte Bjørkelo, Deloitte AS**

**Sekretariat for møtet:**

**Einar Ulla**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtet vart gjennomført som ope møte.

**SAK 28/14      Oppfølgingsliste 5/2014**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Oppfølgingsliste 5/2014 vert teken til vitande

-----  
**SAK 29/14      Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet  
17.06.14**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:**

1. Budsjett 2015 – vurderingar

*Kontrollsjef orienterte utvalet om budsjettsituasjonen, og vurderingar rundt kontrollutvalet sin budsjett. Utvalet diskuterte utfordringane som ligg i den varsla inntektsreduksjonen til fylkeskommunen og gjorde slikt vedtak:*

- a) *Kontrollutvalet vil vurdere sitt eige budsjett i første møte etter sommarferien, og ber om at leiar og nestleiar får møte finansutvalet 24. september for å presentere utvalet sin vurderingar ang, budsjett 2015»*

2. Oppsummering av FKT-konferansen 3. – 4. juni 2014

*Utvalet oppsummerte konferansen og konkluderte med at programmet var veldig relevant i høve til kontrollutvalet sin funksjon i fylkeskommunen.*

3. Informasjon frå NKRF
  - a) E-info 1/14

*Informasjonen vart teken til orientering*

4. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef

*Kontrollsjefen orienterte utvalet om avvikling av eigen ferie i tidsperioden veke 28 - 32.*

-----

**SAK 30/14 Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot -  
Prosjektplan**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen datert 12.06.14 frå Deloitte AS som framlagd
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 3.11.14

-----  
**SAK 31/14 Forvaltningsrevisjon - Samhandling - val av prosjekt**

**Framlegg til vedtak til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

**Handsaming:**

Kontrollutvalet diskuterte etiske aspekt ved val av prosjekt for nærare gjennomgang i dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Leiar i utvalet kom fram til følgjande forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet diskuterte det etiske ved val prosjekta for nærare gjennomgang og vedtok å halde fast på valet av prosjekt i KU-sak 17/14.

**Avrøysting:**

Forslaget som kom fram i møtet vart samrøystes vedteke

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet diskuterte det etiske ved val prosjekta for nærare gjennomgang og vedtok å halde fast på valet av prosjekt i KU-sak 17/14.

-----  
**SAK 32/14 Selskapskontroll 2014 - Forvaltningsrevisjon F1 Holding  
AS - bestilling**

**Framlegg til vedtak:**

**Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i samsvar med vedlagte bestillingsdokument
2. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS

**Handsaming:**

Vereide kom med framlegg om nytt underpunkt til problemstilling nr. 4 i bestillingsdokumentet. Underpunktet er slik:

- Er informasjonen frå F1-holding til eigaren (fylkesutvalet) slik at eigaren har tilfredstillande kompetanse til å utøve ein aktiv eigarpolitikk.

Det kom også fram forslag om eit ekstrapunkt i problemstillingane i bestillingsdokumentet:

8. I kva grad er kommunikasjon mellom F1 Holding og eigar rett journalført i F1 Holding AS og fylkeskommunen i høve til reglane i arkivlov og forskrift.

Endringane i bestillingsdokumentet vart samrøystes godkjende

**Endringsframlegg til vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i samsvar med vedlagte bestillingsdokument med dei endringar som vart godkjende i møtet.

**Avrøysting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i samsvar med vedlagte bestillingsdokument med dei endringar som vart godkjende i møtet.
2. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS

-----